

NORGES OFFISIELLE STATISTIKK



JORDBRUKS- STATISTIKK 1968

AGRICULTURAL STATISTICS 1968

STATISTISK SENTRALBYRÅ
CENTRAL BUREAU OF STATISTICS
OSLO - NORWAY

NORGES OFFISIELLE STATISTIKK XII 254



JORDBRUKSSTATISTIKK
1968

AGRICULTURAL STATISTICS

1968

STATISTISK SENTRALBYRÅ
CENTRAL BUREAU OF STATISTICS OF NORWAY
OSLO 1969

Føreord

I dette heftet legg Byrået fram resultatata frå utvalsteljinga i jordbruket pr. 20. juni 1968. Omfram dei vanlege oppgåvene over areal og husdyrhald blei det henta inn oppgåver over potetdyrkinga i 1968.

Heftet inneheld elles den årlege statistikken over avlingane i jordbruk og hagebruk, husdyrhald pr. 31. desember, kjøtkontroll, fjøskontroll, paringsstatistikk for svin, løner i jordbruk og skogbruk, omsetnad og prisar på fast eigedom m.v. Det er også med eit oversyn over prisar på jordbruksprodukt og produksjonsmiddel m.v.

Konsulent Alfred Gustafson har stått for arbeidet med publikasjonen.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo, 20. juni 1969.

Petter Jakob Bjerve

Norvald Ones

Preface

This publication contains the results from the annual sample survey of agriculture at 20 June 1968. In addition to the usual statistics on area and livestock, special data were collected on potato growing in 1968.

This volume further contains the annual statistics of agricultural and horticultural crops, livestock at 31 December, controlled slaughtering, milk yield etc., registered at milk-recording societies, covered sows, wages in agriculture and forestry, sales and prices of real property etc., and a survey of prices of agricultural products and means of production etc.

Mr. Alfred Gustafson has been responsible for the preparation of this publication.

Central Bureau of Statistics, Oslo, 20 June 1969.

Petter Jakob Bjerve

Norvald Ones

Innhald

	Side
I. Det statistiske materialet	7
II. Jordbruk og hagebruk	7
1. Brukstal og jordbruksareal	8
2. Nydyrking	9
3. Avlingane	9
a. Jordbruket	9
b. Hagebruket	10
III. Husdyrhaldet	11
1. Talet på husdyr	11
2. Husdyrprodukta	12
a. Samla produksjon	12
b. Meieriproduksjon m. v.	12
c. Kjøtkontrollen	13
d. Paringstatistikken for svin	13
e. Pelsskinn	13
f. Fjøs kontrollen	13
IV. Driftsmiddel	14
1. Maskinar og reiskapar	14
2. Kunstgjødsel og kraftfôr	14
V. Arbeidskraft i jordbruket	14
VI. Prisar, økonomi m.v.	15
1. Prisar på landbruksprodukt og produksjonsmiddel	15
2. Rekneskapsresultat	16
a. Driftsresultat i jordbruket	16
b. Meieridrift	16
c. Jordbrukets totalrekneskap	17
3. Investeringar, lån og statstilskot	17
4. Løner i jordbruk og skogbruk	17
5. Prisar på faste eigedomar	18
a. Omsetnad av fast eigedom	18
b. Prisar på eigedomane	18
c. Tomteprisar i eit utval av kommunar	18
VII. Potetdyrking på bruk med over 5 dekar jordbruksareal i 1968	18
1. Bruk og potetareal	19
2. Utsæde og avling	20
3. Setjings- og opptakingsmåte	21
Samandrag på engelsk	22
Tabellregister	24
Vedlegg	
1. Utvalstøljing for jordbruket 1968	103
2. Utkome før	105
3. Publikasjonar sende ut frå Statistisk Sentralbyrå sidan 1. juli 1968	107

Standardteikn

- Null
- .. Oppgåve vantar
- . Tal umogeleg (ulogisk)

Contents

	Page
I. The statistical material	7
II. Agriculture and horticulture	7
1. Number of holdings and agricultural area	8
2. Cultivation	9
3. Production	9
a. Agriculture	9
b. Horticulture	10
III. Livestock	11
1. Number of livestock	11
2. Livestock production	12
a. Total production	12
b. Dairy products etc.	12
c. Controlled slaughtering	13
d. Covered sows	13
e. Fur production	13
f. Milk yield, etc., registered at milk-recording societies	13
IV. Means of production	14
1. Machinery and implements	14
2. Fertilizers and concentrated feeds	14
V. Labour force in agriculture	14
VI. Prices and working results	15
1. Prices of agricultural products and means of production	15
2. Working results	16
a. Working results of farms	16
b. Dairy industry	16
c. Aggregate account of agriculture	17
3. Investments, loans and subsidies	17
4. Wages in agriculture and forestry	17
5. Prices of real property	18
a. Sales of real property	18
b. Prices of the properties	18
c. Prices of building sites in some municipalities	18
VII. Potato growing on holdings with more than 5 decares agricultural area in 1968 ..	18
1. Number of holdings and potato area	19
2. Seed and crop	20
3. Planting and digging methods	21
English summary	22
Index of tables	26
Appendices	
1. Sample survey of agriculture 1968	103
2. Previously issued	105
3. Publications issued by the Central Bureau of Statistics since 1 July 1968	107

Explanation of Symbols

- Nil
- .. Data not available
- . Category not applicable

I. Det statistiske materialet

Pr. 20. juni 1968 blei det halde ei utvalsteljing for jordbruket etter liknande retningsliner som i åra 1960—1967.

Teljinga omfatta om lag 20 000 bruk med over 5 dekar jordbruksareal (1959). Det var 10 prosent av bruka med 5,1 — 100 dekar jordbruksareal og 20 prosent av bruka med meir enn 100 dekar ved den fullstendige jordbruksteljinga i 1959. I utvalet var kommunar og bruksklassar representerte i høve til talet på bruk ved jordbruksteljinga. Innan kvar bruksklasse var bruka tekne ut tilfeldig. Utvalet som blei nytta i 1968, var det same som i åra frå 1960 til 1967.

Totaltal for areal og husdyrtal i 1968 er rekna ut for dei einskilde fylke på grunnlag av dei relative endringane i areal og husdyrtal frå 1959 til 1968 ved dei undersøkte bruka. Utrekninga gjeld såleis for bruk med over 5 dekar jordbruksareal, men det er gjort tillegg for bruk med inntil 5 dekar, med same areal og dyretal som i 1959.

I samband med areal- og husdyrteljinga pr. 20. juni blei det i 1968 henta inn oppgåver om potetdyrkinga — mellom anna om potetsortar, vanleg avling og bruken av avlinga, setjemåtar og opptakingsmåtar m.v.

Ei utvalsteljing for husdyrhald pr. 31. desember 1968 blei halden på same måte som ved førre årsskifte. Denne teljinga omfatta eit utval av kommunar, men elles dei same bruka som ved teljinga 20. juni. Det var med i alt om lag 8 000 bruk, eller nær 4 prosent av bruk med over 5 dekar jordbruksareal i 1959. På grunnlag av endringane i dyretalet frå juni til desember på dei undersøkte bruka, er det rekna ut totaltal for husdyrhaldet i heile landet under eitt.

Avlingsstatistikken for jordbruket byggjer på oppgåver frå jordstyret i kvar kommune. For hagebruket byggjer statistikken på oppgåver frå fylkeslandbrukselskapa.

Statistikken over løner i jordbruk og skogbruk er lagt om i 1968. Oppgåver over vanleg betalt løn i kommunane blei henta inn siste gongen for driftsåret 1967—68. Hausten 1968 blei det henta inn individuelle lønsoppgåver for 3 300 menn og 1 200 kvinner. Denne statistikken blir publisert som annan lønsstatistikk, berre eit utdrag er tatt inn i Jordbruksstatistikk.

Statistikken over omsetnad av faste eigedomar og utrekning av gjennomsnittsverdiar pr. skyldmark byggjer på oppgåver over tinglyste heimelsbyte.

Publikasjonen har også med ein del annan statistikk vedrørende jordbruket, frå Byrået og frå andre institusjonar.

II. Jordbruk og hagebruk

Med fulldyrka jord meiner ein jord som har vore pløgt eller oppbroten til vanleg plogdjupn. Natureng og overflatedyrka jord gjeld slåtteng og kulturbeite som ikkje er fulldyrka. Ein tek ikkje med utslåtter, hamnehagar og anna udyrka beite i utmark. Frå 1959 er jordbruksarealet rekna som sum-

men av fulldyrka jord og natureng og overflatedyrka jord. Tidlegare var også utslåttene med.

Produktiv skog under barskoggrensa er etter skogbruksteljinga i 1967 — som ved teljinga i 1957 — skog som fyller same minstekrav som Landskogtakseringen har rekna med ved revisjonstakseringane (bonitet 5). Lauvskog over barskoggrensa reknar ein no ikkje med som produktiv skog. Skogbruksteljingane gjeld berre eigedomar med til saman minst 25 dekar produktiv skog, skog over barskoggrensa og/eller skogreisingsareal.

«Anna areal» er differansen mellom samla landareal etter Geografisk oppmåling og dei nemnde jordbruks- og skogareal. Det meste er areal over skoggrensa. Dette arealet er rekna ut av Landsskogtakseringa og seinare revidert i Byrået. Anna areal under skoggrensa omfattar såleis både utslåtter og udyrka beiteareal, tresett og ikkje tresett impediment og myr, og areal nytta til byggjegrund, vegar, jarnveg m.v.

Tabell 1 viser fordelinga av landarealet. Dette utgjer 95,2 prosent av totalarealet og ferskvatn såleis 4,8 prosent.

1. Brukstal og jordbruksareal

Opgåver over jordbruksarealet og bruken av det blir kvart år i tidsrommet mellom dei fullstendige jordbruksteljingane samla inn ved utvalsteljingar pr. 20. juni. Frå 1959 gjeld tala både heradskommunar og bykommunar.

Etter utvalsteljinga i 1964 var talet på jordbruk over 5 dekar gått ned frå 198 000 i 1959 til 180 000 i 1964. Ein særskild analyse av dei 18 000 bruka som var blitt borte som særskilde driftseiningar og korleis arealet var nytta, er tatt inn i Jordbruksstatistikk 1964.

Ved utvalsteljinga i 1968 var talet på bruk over 5 dekar utrekna til 164 000. Nedgangen frå 1959 var såleis 34 300 bruk, eller vel 17 prosent av brukstallet i 1959. Nedgangen var rundt 25 prosent i Agder og Nord-Noreg og 10 — 20 prosent i dei andre landsdelane.

På grunnlag av arealoppgåvene for 1968 er det også rekna ut tal for bruk over 5 dekar som dyrkar ymse vokstrar og arealet i gjennomsnitt for desse bruka. Jamført med jordbruksteljinga (1959) har kornarealet pr. bruk med korn auka frå 27 dekar til 44 dekar. Grønsakarealet på friland har auka frå 1,1 dekar til 4,0 dekar, medan potetarealet pr. bruk med potetdyrking har gått ned frå 3,0 dekar til 2,7. Strukturen i potetdyrkinga er nærare omtalt i kapitel VII.

Om bruk med ymse slag husdyr, sjå side 11.

Etter arealoppgåvene ved utvalsteljinga er samla kornareal rekna ut til 2 327 000 dekar i 1968. Det er 2 prosent meir enn året før. Byggarealet gjekk ned med 1,5 prosent. Havrearealet auka med 11 prosent og kveitearealet med nær 50 prosent. Arealet av oljevokstrar til mogning er utrekna til 114 000 dekar eller 21 prosent meir enn året før. Potetarealet gjekk ned med 5 prosent, til 381 000 dekar, medan arealet av grønnsaker på friland var om lag som året før.

Grønfôrarealet, medrekna fôrrops og eitt-årig raigras, auka noko, medan arealet av rotvokstrar og fôrmergkål gjekk ned med 7 prosent.

Samla areal åker og hage var om lag som i 1967. Samla engareal var og om lag som året før, både til slåtteng og beite.

Samla areal av fulldyrka jord var etter teljinga i 1968 om lag som året før.

Jamføringar frå år til år av desse tala er usikre, av di det ikkje alltid er klart skilje mellom fulldyrka og ikkje fulldyrka eng. Det kan og vere tvil om grensene for det jordbruksarealet som skal reknast med (mellom eng som er nytta og eng ikkje nytta).

Etter jordlova og konsesjonslova skal spørsmål om bruk av dyrka jord til anna enn jordbruksføremål handsamast av landbruksadministrasjonen. Etter oppgåver frå Landbruksdepartementet blei i 1968 i alt 15 691 dekar godkjent nytta til ymse føremål: 1 200 til skogplanting, 8 200 til byggjegrunn (bustader, industri, humanitære føremål), 2 200 til plassar og vegar og 500 til ymse anna. 3 700 dekar gjekk inn i område der jordlova ikkje gjeld (område med stadfest reguleringsplan). Frågang på grunn av vanhevd, nedleggjing av bruk og naturøydeleggjing er då ikkje rekna med.

2. Nydyrking

Nydyrkinga med statsstønad auka fram til 1959, då det blei fulldyrka om lag 100 000 dekar. Seinare har nydyrkinga minka. I 1967 var arealet knapt 50 000 dekar, men auka til vel 60 000 dekar i 1968. Overflatedyrking med statsstønad har og gått tilbake, frå 25 000 — 30 000 dekar årleg i 1950 — 1960 til 7 000 dekar i 1968. Det er også gitt stønad til grøfting av tidlegare dyrka jord. Slikt grøfta areal har dei seinaste åra vore nær 100 000 dekar.

3. Avlingane

Ved utgangen av kvar månad i tida mai—oktober blir det sendt ut meldingar frå landbruksdirektøren om veksttilhøva og avlingsvonene for jordbruks- og hagevokstrane. Ved utgangen av oktober blir det og gjort ei førebels utrekning av avlingsmengdene. Byrådet reknar seinare ut dei endelege avlingsmengdene for jordbruksvokstrane etter oppgåver frå jordstyra, og for hagevokstrane etter oppgåver frå fylkeslandbruksselskapa (fylkesgartnarane).

Vinteren 1967—68 kom det mykje snø over storparten av landet. Det var periodar med uvanleg kaldt ver. Sør-Noreg fekk godver i april månad med temperatur over det normale, og våronna tok til i slutten av månaden. I mai var det periodar med kaldt ver. Dei nordlege stroka av Nord-Noreg hadde uvanleg sein vår, etter ein streng vinter.

Over heile Sør-Noreg blei det ein varm sommar. Austlandet fekk også stort sett bra nedbør, men det blei svært tørt på Vestlandet og i Trøndelag. Det var stort sett bra ver under innhaustinga i Sør-Noreg. Nord-Noreg hadde for det meste ein kald og våt sommar. Det kom snø og frost der frå først i oktober.

Avlingane i 1968 blei jamt over store og av god kvalitet i Sør-Noreg, medan Nord-Noreg fekk små avlingar av dei fleste vokstrar.

a. Jordbruket

For korn og erter til mogning var gjennomsnittsavlinga 353 kg. pr. dekar i 1968, mot 273 kg året før. Samla kornavling blei 820 000 tonn, og avlinga pr. dekar er rekna til 121 prosent av eit middelsår. Dette er både absolutt og relativt langt meir enn det som nokon gong før er registrert i landet. Kornavlinga i austlandsfylka var frå 120 til 130 prosent av eit middelsår, og det

var også over middelsårs avling på Vestlandet og i Trøndelag. Det var og jamt over god kvalitet på kornet.

Potetavlinga i 1968 var som gjennomsnitt for heile landet 2 398 kg pr. dekar, mot 2 010 kg året før. Potetarealet var noko mindre enn i 1967, men samla avling blei 912 000 tonn i 1968, mot 807 000 tonn i 1967. Dei fleste fylka sønnafjells fekk over middelsårs avling, men somme stader var avlinga nedsett av tørke. I innlandsstrok var det og noko frostskaade. I Nord-Noreg var det dårlege potetavlingar, og særleg ille var det i Troms og Finnmark. Kvaliteten av potetavlinga var stort sett bra i Sør-Noreg. Det var lite tørrote, men noko skurv.

Samla avling av fôrrotvokstrar og fôrmergkål var 580 000 tonn i 1968, mot 599 000 tonn i 1967. Samla areal var mindre, men avlinga pr. dekar større enn året før.

Avlinga av grønfôr — medrekna 1-årig raigras og fôrraps — var 122 000 tonn i 1968 mot 117 000 tonn i 1967. Avlinga er rekna ut som tørka grønfôr, men mykje av grønfôret blir nytta som silofôr.

Før landet under eitt var gjennomsnittsavlinga i 1968 av høy 646 kg pr. dekar fulldyrka eng og 413 kg pr. dekar natureng og overflatedyrka eng, mot 616 og 391 kg i 1967. Samla høyavling var 2 873 000 tonn, mot 2 749 000 tonn i 1967. Avlinga pr. dekar fulldyrka eng er rekna til 98 prosent av eit middelsår. Det var store høyavlingar og god kvalitet over det meste av Austlandet og Trøndelag. Store delar av Vestlandet og Nord-Noreg fekk reduserte avlingar. Særleg i dei nordlegaste distrikta var det små avlingar og dårleg kvalitet.

Samla avling av korn, potet, rotvokstrar og stråfôr (høy, grønfôr og halm) blei 2 406 mill. fôreiningar i 1968, mot 2 136 mill. f.e. i 1967 (avling frå beite er ikkje rekna med). Utrekninga av fôreiningar er gjort med faste omrekningstal. Talet på fôreiningar i alt viser difor samla avlingsvolum rekna som dyrefôr, medan den verkelege fôrverdien kan vere mindre eller større, etter kvaliteten av avlingane. Avlinga i 1968 er rekna til 104 prosent av eit middelsår, mot 94 prosent året før.

Avlinga i eit «middelsår» er i avlingsstatistikken definert som den avlingsmengd ein ventar å få i eit vanleg godt år, når det ikkje er noko særleg som skiplar avlingsvonenene. I gjennomsnitt for dei siste 10 åra var avlinga 95 prosent av eit middelsår. Det vil seie at «middelsåret» representerer eit avlingsnivå som ligg rundt 5 prosent høgare enn gjennomsnittet av dei oppnådde avlingane. Avviket frå gjennomsnittet er ikkje det same for alle vokstrane, og er større for åkervokstrar enn for eng. Dei utrekna middelsårsavlingane pr. dekar gir elles eit godt bilete av utviklinga i dyrkingsteknikk m.v. frå år til år, av di middelsåret er lite påverka av dei årlege skifte i vokstertilhøve og avlingsmengd.

b. Hagebruket

Vinteren 1967 — 68 var det godt snødekke og stabile temperaturar, som førte til bra overvintring for hagevokstrane. Låg temperatur i mai seinka utviklinga, men utover sommaren var det bra vekstvilkår. Tørke i august — september sette veksten tilbake i somme strok, særleg på Vestlandet og i Trøndelag. I Nord-Noreg blei avlingane reduserte på grunn av det kjølige været.

Samla fruktavling i 1968 blei 98 000 tonn, eller 105 prosent av eit middelsår, mot 69 000 tonn og 76 prosent året før. Fruktavlinga i 1968 var ei av dei største landet har hatt, og avlinga var særleg god på Vestlandet, i Agder og Telemark.

Samla avling av hagebær blei 35 000 tonn, eller 97 prosent av eit middelsår, mot 32 000 tonn i 1967. Avlinga i 1968 var særleg bra for jordbær, der arealet og har auka mykje dei seinaste åra.

Samla grønsakavling blei 138 000 tonn, eller 96 prosent av eit middelsår. Dette var om lag det same som året før. Det var bra avlingar i dei fleste fylke sønnafjells. Det var særleg gode avlingar av dei meir kravfulle grønsakslag. Vinterkvitkål og gulrot gav under middelsårs avling, mest av di avlingane slo feil nordafjells.

Avlingsoppgåvene for grønsaker gjeld ikkje slike kulturar som salat, persille o.l. og heller ikkje kjøkkenhagar.

III. Husdyrhaldet

1. Talet på husdyr

Talet på husdyr pr. 20. juni er rekna ut på grunnlag av utvalsteljingar kvart år mellom dei fullstendige jordbruksteljingane. Frå 1959 gjeld tala både heradskommunar og bykommunar.

Hestetallet har framleis gått tilbake. I 1968 var det 47 000 hestar pr. 20. juni, eller 13 prosent mindre enn året før. Talet på storfe i alt var 1 008 000, eller 1 prosent meir enn i 1967. Det var 470 000 kyr i 1968, eller 2 prosent færre enn året før. Talet på kviger over 1 år auka med 3 prosent, og det var også fleire oksar og kalvar enn året før. Talet på sau og lam var vel 1,9 millionar pr. 20. juni 1968. Det var 6 prosent mindre enn året før. Talet på geiter gjekk ned med 9 prosent. Talet på svin i alt var 610 000, eller 3 prosent større enn året før. Talet på høner og hønekyllingar i alt var 4,9 millionar, 5 prosent mindre enn på same tid i 1967.

Utrekningar over talet på bruk med ymse dyreslag og gjennomsnittleg buskapsstorleik viser at husdyrhaldet etter kvart blir samla på færre bruk med fleire dyr pr. bruk. Talet på kyr pr. bruk over 5 dekar med ku auka såleis frå 4,0 i 1959 til 5,2 i 1968. Samstundes auka middels buskap av sau med 50 prosent og av svin og høns med over 100 prosent.

Når det gjeld kyr, har det vore stor nedgang i talet på eldre dyr, medan oppdrettet relativt har auka.

	Dyretal i alt		Pr. 100 kyr	
	1959	1968	1959	1968
Kviger over 1 år (ikkje hatt kalv)	136 900	128 500	22,9	27,6
Kyr i alt	597 500	469 900	100,0	100,0
Kyr kalva 1 gong	98 600	98 200	16,5	20,9
—»— 2—4 gonger	217 900	200 300	36,5	42,6
—»— 5 gonger og meir	281 000	171 400	47,0	36,5

På liknande måte som året før blei det henta inn særskilde oppgåver for bruk med over 100 svin og/eller 500 vaksne høner pr. 20. juni 1968. Oppgåvene er jamførte med tilsvarende tal frå 1959. 441 bruk hadde meir enn 100 svin i 1968. Desse bruka hadde 104 000 svin, eller 17,1 prosent av samla

svinetal i landet. I 1959 var det 236 slike bruk, med 9,9 prosent av svinetalet. 845 bruk hadde meir enn 500 høner i 1968. Desse bruka hadde 1,2 mill. høner, eller 32 prosent av samla hønetalet i landet. I 1959 var det 237 slike bruk, med 6,8 prosent av dyretalet.

Frå 1953 har det vore årlege husdyrteljingar ved utgangen av året. Desse teljingane omfattar nær 4 prosent av bruka med over 5 dekar jordbruksareal, og ein reknar ut totale dyretal berre for riket under eitt.

Byrået har ikkje årlege pelsdyrteljingar. Den siste fullstendige teljinga var i 1959. Norges Pelsdyrslag reknar ut dyretal på grunnlag av oppgaver over alsdyra og skinnproduksjonen. Desse tala kan ikkje utan vidare jamførast med Byråets teljingar, men tala viser likevel utviklinga i store trekk frå 1959, særleg den store auken i talet på mink.

2. Husdyrprodukta

a. Samla produksjon

I samband med utvalsteljinga i 1965 blei det henta inn oppgaver for utrekning av samla husdyrproduksjon i landet. I Jordbruksstatistikk 1965 er det nærare omtale av resultatata frå teljinga. Liknande produksjonsteljingar blei haldne i 1928, 1947 og kvart 5. år frå 1950. For tidlegare år er det gjort ymse overslag over produksjonen på grunnlag av dyretalet.

Budsjettnemnda for jordbruket reknar årleg ut mengdene av husdyrprodukt på ein noko annan måte. Saman med produksjonsteljingane er også oppgaver over omsetnaden av husdyrprodukt lagde til grunn for utrekningane. I samband med utrekningane av tala for 1967 er somme av oppgåvene for tidlegare år reviderte.

Førebels tal for 1968 syner ein produksjon på 134 800 tonn kjøt og flesk mot 131 400 tonn i 1967, og 37 000 tonn egg mot 38 000 tonn i 1967. Produksjonen av kumjølkk gjekk opp frå 1 709 000 tonn i 1967 til 1 777 000 tonn i 1968.

Utanom slakt av dei vanlege husdyra (hest, storfe, sau, geit og svin) reknar Budsjettnemnda med ein produksjon på 4 500 tonn fjørfe-slakt, 1 400 tonn kjøt av tamrein og 250 tonn kaninkjøt. Samla produksjon av kjøt og flesk, medrekna fjørfe, tamrein og kaninar, var såleis utrekna til 137 300 tonn for 1967 og 141 000 tonn for 1968.

Om produksjon av pelsskinn sjå side 13.

b. Meieriproduksjon m. v.

Opplysningar om meieribruket blei inntil 1965 publisert i ein eigen publikasjon (Meieribruket i Noreg).

Frå 1966 er meieristatistikken omlagd. Dette er nærare omtala i Jordbruksstatistikk 1967 (s. 12 — 13). Årsoppgaver frå meieria blir henta inn etter same prinsipp som for annan industri, og opplysningar om meieria som industriverksemder blir publiserte i Byråets industristatistikk.

Månadsstatistikk over mottak av mjølk og fløyte blir utarbeidd av Norske Melkeprodusenters Landsforbund og gjeld all levering frå mjølkeprodusentane til meieri eller kondenseringsfabrikk. Oppgåvene over sal av mjølk og fløyte gjeld sal både til vanleg konsum og til slik industri som iskremlfabrik-

kar, bakeri o.l. Produksjon av sterilisert fløyte er rekna med som sal. Samla sal omrekna til heilmjolk gjeld både dei selde mengdene og svinnet ved handsaminga.

Mjolk som blir selt utanom meieria direkte til forbrukar eller kjøpmann, kjem inn under tilskotsordninga for mjolk. Mengda av slik mjolk har gått mykje ned, frå om lag 10 mill. liter i 1960 til om lag 1 mill. liter i 1968. Mengda av fjell- og gardssmør og av gards- og seterost som er levert og er rettkomen for tilskot, har også gått mykje ned og var i 1968 på 1 347 tonn smør og 95 tonn ost.

c. Kjøtkontrollen

Oppgåvene frå kontrollveterinærane over offentleg kjøtkontroll gjeld tal og vekt på førstegongskontrollerte slakt. I 1968 blei det kontrollert 115 700 tonn slakt av dei vanlege husdyrslaga, mot 112 300 tonn året før. Utanom dette blei det i 1968 kontrollert 3 300 tonn fjørfeslakt, 1 600 tonn reinslakt (tamrein og villrein), 3 900 tonn kvalkjøt og 60 tonn slakt av andre dyr.

d. Paringsstatistikken for svin

Frå 1936 har Byrået gjennom jordstyra henta inn oppgåver over talet på purker som er para. Oppgåvene kan i nokon mon nyttast til å gjere overslag over fleskeproduksjonen året etter. Ein har rekna ut relative tal i høve til same tid året før for jamførbare distrikt. Frå hausten 1959 er oppgåvene meir fullstendige enn før, og med stønad i rånetalet ved jordbrukssteljinga i 1959 har ein rekna ut totaltal for para purker månadsvis for åra 1961 — 1967. Desse tala syner sesongendringa gjennom året og gir eit klarare bilete av utviklinga for ei årrekke enn dei relative tala. Tala for 1968 tyder på fortsatt auke i fleskeproduksjonen i 1969.

e. Pelsskinn

Overslag over samla produksjon av pelsskinn frå pelsdyrgardane blir gjort av Norges Pelsdyrslag på grunnlag av omsetnad m.v. Det meste av produksjonen blir selt til utlandet. Oppgåver frå handelsstatistikken gir difor også eit bilete av produksjonsutviklinga.

I 1968 blei det utført 2 372 000 ureidde pelsskinn av rev og mink for i alt 234 mill. kroner, mot 2 391 000 skinn for 200 mill. kroner i 1967.

f. Fjøs kontrollen

I 1968 var 27 900 buskapar med i alt 219 000 årskyr med i fjøskontrollen. 47 prosent av kyrne i landet var under kontroll. Mjølkeavdråtten pr. ku ligg høgare i dei kontrollerte buskapane enn gjennomsnittet for landet etter produksjonsteljingane, men avdråttstala kan ikkje samanliknast utan vidare.

IV. Driftsmiddel

1. Maskinar og reiskapar

Oppgåver over maskinar og reiskapar i jordbruket får ein til vanleg berre ved dei fullstendige jordbruksteljingane.

Frå 1962 har ein henta inn oppgåver over traktorar også ved dei årlege utvalsteljingane, og i somme år også for andre jordbruksmaskinar.

Oppgåver over jordbruksmaskinar og bruken av dei i 1964 er nærare omtala i Jordbruksstatistikk 1964.

Talet på traktorar i juni 1968 er rekna ut til 100 500, mot 98 400 året før. Av traktorene i 1968 var 18 600 2-hjulstraktorar og 81 900 4-hjuls og andre. I tillegg til 2-hjulstraktorene kjem ca. 10 000 sjølvgåande motorslåmaskinar. Talet på skurdtreskjarar var 10 100 i juni 1968, mot 9 800 året før. Av talet i 1968 var 4 900 sjølvgåande og 5 200 slepetreskjarar.

Mykje av maskinutstyret i jordbruket blir innført frå utlandet, men mykje kjem og frå norsk industri, som dessutan har utførsle av somme av desse produkta.

2. Kunstgjødsel og kraftfôr

Gjennom oppgåver over omsetnad og lager har ein god kjennskap til forbruket av kunstgjødsel (handelsgjødsel) i landet for ei årrekke. Etter oppgåver for salssesongen 1967 — 68 var forbruket 508 700 tonn vare sommaren 1968. Av dette var 317 200 tonn 3-sidige gjødselslag. Varemengdene er rekna om etter innhald av verdistoff (grunnstoffa nitrogen, fosfor og kalium). Samla forbruk i 1968 var 139 200 tonn verdistoff. Mengda har auka frå år til år, særleg for nitrogen. Høgprosentlege og allsidige gjødselslag utgjer ein aukande del av forbruket. Nesten all gjødsel blir nytta i jord- og hagebruk. Relativt små mengder har til no vore nytta i skogbruket.

Innførsel av kraftfôr var mykje større i 1967 enn året før, men tilgangen frå norske produsentar var om lag som i 1966. Samla tilgang var 1 171 000 tonn i 1968, mot 1 097 000 tonn i 1967. Omsetnaden frå grossist m.v. auka frå 1 088 000 tonn i 1967 til 1 124 000 tonn i 1968.

V. Arbeidskraft i jordbruket

Frå ymse kjelder ligg det føre statistikk som syner utviklinga i sysselsetjinga i dei ymse næringar. Ei viktig kjelde er folketeljingane, som mellom anna syner talet på personar med hovudyrke i ulike næringar på ein gjeven teljingsdag. Gjennom sjuketrygda får ein månadsoppgåver over sysselsette lønstakarar i dei ymse næringar.

Særskilt for jordbruket er det både i samband med dei fullstendige jordbruksteljingane (frå 1929) og ved utvalsteljingar i somme år, henta inn oppgåver for utrekning av samla arbeidskraft gjennom eit driftsår. I samband med utvalsteljinga i 1966 blei det såleis henta inn oppgåver over arbeidskrafta i driftsåret 1965 — 66.

Samla arbeidskraft er rekna ut som årsverk og gjeld heile bruket, medrekna hushaldet og eigen skog. Av 384 500 årsverk på bruk over 5 dekar i 1958 — 59 fall 229 300 årsverk på sjølve jordbruket. Ved teljinga i 1966 fekk ein nye oppgåver over korleis husmora sitt arbeid fordelte seg på jordbruket og hushaldet. Dersom ein for arbeidsstyrken elles reknar med same forde-

ling av årsverka på jordbruk, skog og hushald, får ein 180 700 årsverk på sjølve jordbruket i 1965 — 66, av 311 500 årsverk i alt på bruka.

Teljinga i 1966 er nærare omtala i Jordbruksstatistikk 1966, side 16 m.v.

VI. Prisar, økonomi m.v.

1. Prisar på landbruksprodukt og produksjonsmiddel

Jordbruksavtalen 1966 — 68 med tilleggsavtale av mai 1967 gjekk ut 30. juni 1968. 12. juni 1968 blei det gjort ein ny to-årig avtale for perioden 1. juli 1968 til 30. juni 1970. Ein rekna med at avtalen skulle gi jordbruket ein inntektsauke på i alt ca. 140 mill. kroner i første avtaleåret og 58 mill. kroner meir enn dette i andre avtaleåret.

Avtalen inneheld føresegner om reguleringar i avtaletida knytt til konsumprisindeksen, om lag som ved tariffavtalane for lønstakarar. Jordbruksavtalen inneheld denne gongen ikkje føresegner om reguleringar knytt til kostnadsendingar i jordbruket, men det er tatt omsyn til kostnadsutviklinga ved fastsetjing av inntektsramma for andre avtaleåret. Avtalen byggjer elles stort sett på same prinsipp som tidlegare avtalar.

Driftstilskotet som blei innført med avtalen av 1964 blei for avtaleåret 1967 — 68 utbetalt til 120 200 brukarar, med til saman 125 mill. kroner. Frå 1968 blei utrekningsreglane endra. Den storleiksgruppa som får størst tilskot pr. dekar, blei utvida til bruk med 10,1 — 100 dekar, mot før 35,1 — 75. Det er som før jordbruksarealet som ligg til grunn, men frå 1968 skal det gjerast tillegg for tilvekst i eigen skog etter fastsette reglar. Formues- og inntektsgrenser for tilskotet er tatt bort, men for å få tilskot fullt ut, må brukaren ha 50 prosent eller meir av antatt inntekt etter skattelikninga som næringsinntekt knytt til bruket. Brukaren får redusert tilskot når næringsinntekta er mindre enn 50 prosent og ikkje tilskot dersom næringsinntekta er mindre enn 20 prosent av antatt inntekt.

Prinsippet for kraftfôrordninga er halde ved lag, men kraftfôravgifta — og dermed kraftfôrprisane — blei auka, samtidig som mengd rabattkraftfôr blei sett opp for alle dyreslag og bruksklassar. Prisen på proteinkraftfôr blei auka med 15 øre pr. føreining i gjennomsnitt, medan prisen på karbohydratkraftfôr blei auka med 5 øre.

Prisindeksen for jordbruket som blir rekna ut ved Institutt for driftslære og landbruksøkonomi ved Norges Landbrukshøgskole, viser ein oppgang for jordbruksprodukt i alt på 2 poeng, frå 157 i 1967 til 159 i 1968 (1952 = 100). Prisindeksen for produksjonsmiddel og tenester i jordbruket gjekk opp frå 167 i 1967 til 173 i 1968. Størst stigning viste indekstalet for kraftfôr (13 poeng) og bygningar (11 poeng).

Ved jordbruksavtalen blei produsentprisane på bygg og havre sette opp med 8 øre pr. kg for avlingsåret 1968, og korntrygda auka med 5 øre pr. kg for desse kornslaga.

Hausten 1968 var potetprisane stort sett noko lægre enn året før, og prisane kom ikkje over prisgrensa som gir høve til import. Etter avtalen av 1968 var prisgrensene auka med 4 prosent. Grønsakprisane var hausten 1968 til dels høgre enn året før, og periodisk kom somme grønnsakprisar over prisgrensene som gir høve til import. Desse grensene var etter avtalen av 1968

auka med 2 prosent i gjennomsnitt. Prisane på norsk frukt var mykje lægre hausten 1968 enn året før.

Frå 1. juli 1968 blei engrosprisane for heilmjølkk og magermjølkk frå meieria auka med 4,4 øre pr. liter og fløyteprisane med 26,4 øre pr. liter. For heilmjølkk blei 3,5 øre dekt ved auka pristilskot frå staten, slik at prisen til forhandlar blei auka med 0,9 øre pr. liter. For ost blei engrosprisane ikkje endra. For smør blei statstilskotet for sal til innanlandsk kjøpar auka frå kr. 1,10 til kr. 2,60, eller med kr. 1,50 pr. kg. Til dette kjem eit tilskot på kr. 0,50 frå kraftförfondet, slik at prisen til detaljist blei sett ned med kr. 2,00 pr. kg frå 1. juli 1968. Endringane i mjølkeprisane m.v. skulle gi ei berekna stigning i produsentprisen på 1,7 øre pr. liter mjølkk levert til meieri.

For kjøt, flesk og egg skal jordbruksorganisasjonane syte for at middelprisane for året blir haldne på eller under dei nivå som er fastsette i jordbruksavtalen. For slakt var marknadsprisane for avtaleåret 1967 — 68 stort sett lik dei avtalte middelprisane. Ved avtalen av 1968 blei prisane auka med kr. 1,15 pr. kg for storfeslakt, kr. 1,25 for saueslakt, kr. 0,15 for svin og kr. 0,10 for egg.

Avrekningsprisen for norsk ull blei sett ned med kr. 2,00 pr. kg etter jordbruksavtalen av 1968.

Preisane på pelsskinn var stigande hausten 1967. Etter ein nedgang i januar 1968 steig prisane igjen og heldt seg bra oppe også på septemberauksjonen. Salssesongen 1968 — 69 tok til i desember med eit bra prisnivå i høve til året før.

2. Rekneskapsresultat

a. Driftsresultat i jordbruket

Eit oversyn over resultatata frå dei rekneskapane som Norges Landbruksøkonomiske Institutt arbeider med, er gitt i tabell 68. I 1967 var produksjonsinntektene 560 kroner pr. dekar, medan kostnadene utanom arbeid og renter var 346 kroner pr. dekar. Produksjonsinntektene pr. dekar auka med 70 kroner frå året før og kostnadene med 55 kroner. Lønsevna, dvs. samla arbeidsforteneste for familien og leighjelpa, gjekk opp frå 164 kroner pr. dekar i 1966 til 178 kroner i 1967. Dette svarar til kr. 5,23 pr. time.

Rekneskapsresultata er og utrekna pr. brukseining. Dersom ein tek med inntekt frå skogbruk og anna yrke utanom jordbruket, får ein samla arbeidsvederlag og forrenting. Frå dette går gjeldsrenter og kårtytingar, og ein får att nettoinntekta for familien. Rekna som uvegne gjennomsnitt for dei undersøkte bruka var nettoinntekta 21 927 kroner i 1966 og 25 196 kroner i 1967. Førebels utrekningar for 1968 viser stor auke i produksjonsinntekter og driftsoverskot, mykje på grunn av dei gode avlingane.

b. Meieridrift

Omlegginga av meieristatistikken er nemnt på side 12.

Dei oppgåvene over driftsrekneskapar som ein får inn, gjeld meieri med sideverksemdar, men ikkje kondenseringsfabrikkane. Oppgåvene blei før 1966 gitt for kvar meieriverksemd og blei bearbeidde fylkesvis. Frå 1966

blir oppgåvene gitt for kvart meieriføretak (med tilhøyrande verksemdar) og dei blir bearbeidda for mjølkesentralområde. Finnmark fylke er rekna som eitt område. Nettoutbyttet blir rekna ut særskilt for sjølve meieridrifta, for anna verksemd og samla for meieriføretaka. Nettoutbyttet blir rekna ut pr. liter mjølk (frå eigne leverandørar) mot før pr. kg.

c. Jordbrukets totalrekneskap

I samband med tingingane om jordbruksprisane har Budsjettnemnda for jordbruket gjort utrekningar over samla inntekter og utgifter for jordbruksnæringa. Prinsippa for utrekningane er dei same som Byrået nyttar når det set opp nasjonalrekneskapen. Totalrekneskapen skal i første rekkje syne kva verdi som er skapt i driftsåret av den arbeidskraft og kapital som er sett inn i jordbruket. Som kostnader reknar ein med verdien av varer og tenester frå andre næringssektorar og slitasje på varige driftsmiddel som maskinar, reiskapar og driftsbygningar. Den summen som då er att, kallar ein jordbruket sitt nettoprodukt. Som tillegg til nettoproduktet reknar ein visse statstilskot. Etter frådrag av kapitalrenta kjem ein fram til vederlaget for all arbeidskraft som er sett inn i jordbruket.

3. Investeringar, lån og statstilskot

I tabellane er det gitt eit oversyn over investeringane i jordbruket dei seinaste åra etter nasjonalrekneskapen. Bruttoinvesteringa omfattar også kapitalslit — vedlikehald og avskrivningar — som er rekna med som årleg kostnad i totalrekneskapen.

Det er gitt tal som syner den delen av utlåna frå bankar og kredittsamskipnader som fell på næringane jordbruk og skogbruk. Gjelda til private långevarar og varegjeld til handlande er ikkje med i desse tala.

Gjennom statsbankane gir staten kreditt på rimelege vilkår. Utanom dette gir staten og direkte stønad til investeringar i jordbruket gjennom rentefri- tak og tilskot. Tabellane viser statens utgifter til ymse slike føremål og tilskota til prisregulering for jordbruksvarer m.v. over statsrekneskapen og gjennom Prisdirektoratets prisreguleringsfond.

4. Løner i jordbruk og skogbruk

Den statistikken som frå 1915 — 16 blei henta inn for vanleg betalte løner i jordbruk og skogbruk i dei enskilde kommunane, blei siste gongen utarbeidd for driftsåret 1967 — 68.

Hausten 1968 blei det henta inn individuelle lønsoppgåver for lønstakarar på bruk med minst 150 dekar jordbruksareal og meir. Det er rekna ut gjenomsnittsløner etter løneform og stilling for i alt 3 300 menn og 1 200 kvinner. Statistikken er publisert i Lønnsstatistikk for ansatte i jordbruket 1968 (NOS A 274). For timelønte var gjenomsnittslønen for vanleg gardsarbeid kr. 8,36 pr. time.

Ved tariffavtalen mellom Jordbrukets Arbeidsgiverforening og Norsk Skog- og Landarbeiderforbund blei den leiande timelønssats auka frå 1. juli 1968 med kr. 0,86 til kr. 8,25 pr. time.

5. Prisar på faste eigedomar

a. Omsetnad av fast eigedom

Byråets årlege statistikk over omsetnaden av fast eigedom byggjer på tinglysing av heimelsoverføringar. I statistikken er ikkje tatt med ekspropriasjon av grunn til gater og vegar, men elles all omsetnad av byggverk og grunn. Oppgåvene gjeld både fri og tvungen omsetnad, familiesal og heimelsoverføring ved arv eller gåve.

Det blei i 1967 tinglyst i alt 57 000 heimelsoverføringar til ein salssum av 2 100 mill. kroner. I heradskommunar blei det omsett 42 200 eigedomar for 1 094 mill. kroner og i bykommunar 14 700 eigedomar for vel 1 000 mill. kroner.

Dei omsette eigedomar i heradskommunane hadde ei samla matrikkelskyld på 12 545 mark (Finnmark ikkje medrekna), mot 11 193 mark i 1966.

b. Prisar på eigedomane

Særskilt for eigedomar med minst 24 øre i skyld blir det utrekna gjennomsnittsprisar pr. skyldmark.

Gjennomsnittsverdien pr. skyldmark for jordbruk byggjer i 1967 på i alt 4 581 heimelsovergangar. Av eigedomane blei 15 prosent omsett fritt til framande, medan 85 prosent var familiesal. Gjennomsnittleg pris pr. skyldmark for vanlege gardsbruk i fri omsetnad var kr. 38 676 i 1967, mot 34 801 året før. For familiesal var prisen pr. skyldmark kr. 15 422 i 1967, mot 14 751 i 1966. Gjennomsnittleg matrikkelskyld på dei gardsbruka som i 1967 blei selde til slektningar var 2,35 mark, mot 1,96 mark på eigedomar i fri omsetnad. Fordelt etter matrikkelskylda på eigedomane var skyldmarksverdien størst for dei små bruka.

For andre eigedomar (fjellområde, skog, tomter m.v. — utan og med bygnader — og «ikkje vanlege» gardsbruk) med minst 24 øre i skyld, var gjennomsnittleg pris pr. skyldmark kr. 133 953. For eigedomar med mindre enn 24 øre i skyld var prisen pr. eigedom kr. 20 871 i 1967, mot kr. 19 237 året før.

c. Tomteprisar i eit utval av kommunar

I eit utval av by- og heradskommunar med relativt sterk boligbygging blei tomteprisane i 1966 særskilt undersøkt. Undersøkinga er nærare omtala i Jordbruksstatistikk 1967, side 18—19.

VII. Potetdyrking på bruk med over 5 dekar jordbruksareal i 1968

I samband med utvalsteljinga pr. 20. juni 1968 blei det henta inn særskilde oppgåver vedrørande potetdyrkinga. Spørsmåla går fram av teljingsskjemaet (vedlegg 1).

Oppgåvene for dei undersøkte bruka er omrekna til totaltal for alle bruk over 5 dekar, etter talet på bruk i dei einskilde fylke i høve til dei totale brukstal etter jordbruksteljinga i 1959. Omrekninga er for det meste gjort særskild for kvar bruksklasse etter jordbruksarealet i 1968, og det er tatt omsyn til endringane i bruksstorleik frå 1959 til 1968 innan kvar klasse. Dette er ein annan utrekningsmåte enn den ein nyttar i den vanlege arealstatistikken og gir nokre avvik frå denne i totalrekna potetareal. (I arealstatistikken, tabell 6 — 8, er det dessutan gjort tillegg for bruk inntil 5 dekar.)

1. Bruk og potetareal

Både for brukstal og potetareal er oppgåvene grupperte etter bruksstorleik (jordbruksareal) i 5 klassar og etter potetarealet på bruka i 8 klassar.

Potetarealet er delt etter haustetid. Areal som brukaren rekna med å hauste så tidleg at avlinga kunne marknadsførast før utgangen av august, blei ført for seg. Det er særleg dyrkingsomfanget av tidlegpotet for sal ein har fått på denne måten. Småteigar (under 0,1 dekar) av tidlegpotet til eige bruk kjem ikkje med her. Arealet er vidare delt på kvite og raude sortar. Under «raude» er rekna alle med farga skal. Omframt desse inndelingane er arealet spesifisert på dei einskilde sortane.

Potetdyrkinga har gått mykje attende sidan 1959. Det var nedgang både i talet på bruk som dyrkar potet og i gjennomsnittsareal pr. bruk.

	1959	1964	1968
Bruk i alt over 5 dekar	198 300	180 100	164 000
» utan potetareal	24 000	25 900	32 200
» med potetareal	174 300	154 200	131 800
Potetareal på bruk over 5 dekar			
I alt, dekar	525 600	462 900	358 200
Pr. bruk, dekar	3,0	3,0	2,7

Jamført med ei teljing i 1964 (Jordbruksstatistikk 1964, tabell 76 og 79) fell nedgangen mest på bruk med mellomstore potetareal:

	Prosent	
	1964	1968
Potetareal på bruk med 0,1— 0,9 dekar potetareal	3,6	5,5
1,0— 4,9 —»—	40,5	38,9
5,0—19,9 —»—	34,0	28,1
20 dekar og meir	21,0	27,5

Grupperinga etter haustetid er knytt til ein viss dato, og følgjer såleis ikkje heilt grupperinga etter veksetid, i tidlege, halvtidlege, halvseine og seine sortar. Somme halvtidlege og halvseine sortar blir dyrka dels som tidlegpotet og dels for vanleg haustetid. Dyrking av tidlegpotet var det særleg mykje av i Østfold, Akershus, Vestfold, Rogaland og Nord-Trøndelag. I somme strok er den halvseine sorten Kerrs Pink mykje dyrka som tidlegpotet.

Av sortane er det somme som er vanleg dyrka over heile landet, medan andre er meir konsentrert i visse distrikt. To av sortane skil seg ut som særleg vanlege, Kerrs Pink, som blei dyrka på over 50 prosent av bruka og på 38 prosent av samla potetareal, og Pimpernel, som blei dyrka på 27 prosent av bruka og på 17 prosent av samla areal. Fabrikpoteten Parnassia blei dyrka på berre 3 prosent av bruka, men på vel 9 prosent av samla potetareal. Sortane Jøssing, Ås og Beate blei dyrka på 4 — 5 prosent av arealet, dei to første av 6 — 7 prosent av bruka, den siste berre av 3 prosent. Både Gullauge og Mandelpotet var dyrka på relativt mange bruk, men med små areal pr.

bruk. Sirtema og andre tidlegpotetsortar blei dyrka på færre bruk, med relativt store areal pr. bruk. 20 av dei mest vanlege sortane blei dyrka på til saman vel 90 prosent av potetarealet. I tabell 88 og 90 er i alt 44 sortar spesifiserte. I dei einskilde fylke blei det dyrka 20 — 30 av desse.

2. Utsæde og avling

Utsæde blei oppgitt i kg pr. dekar, og det er rekna ut uvegne gjennomsnittstal for fylke og bruksklasse. Som gjennomsnitt for landet var utsæden 248 kg pr. dekar. Tidlegare er slike oppgåver gitt av jordstyra, som vanleg utsæde i kommunane. Gjennomsnittstalet var sist utrekna til 270 kg i 1955. For 1916 — 20 var gjennomsnittet 236 kg pr. dekar (sjå Jordbruksstatistikk 1955).

Som avling blei ført opp, i kg pr. dekar, det som brukaren rekna som normalt eller «vanleg» for bruket i 1968. Desse oppgåvene er multipliserte med arealet for kvart bruk for å få samla avling i tonn, og det er såleis rekna ut vegne gjennomsnittstal for avling pr. dekar i bruksklassar og fylke. Dekaravlinga er elles nytta til gruppering av bruka etter avlingsnivå.

Som gjennomsnitt for landet er den «vanlege» avlinga etter desse oppgåvene rekna ut til 2 370 kg pr. dekar. Etter avlingsstatistikken frå jordstyra blei gjennomsnittsavlinga i 1968 utrekna til 2 398 kg pr. dekar, og dette var rekna som 98 prosent av eit middelsår. Middelsårsavlinga var såleis 2 454 kg pr. dekar, men røynsla er at gjennomsnittsavlinga for ei årrekke ligg noko lægre (ca. 10 prosent) og «normalavlinga» — eller det antesiperte gjennomsnittet — er rekna til 2 188 kg pr. dekar for året 1968. Den «vanlege» avlinga etter utvalsteljinga ligg såleis noko høgre enn «normalavlinga» for 1968.

Grupperinga av bruka etter dekaravling og potetareal viser at bruk med små potetareal stort sett reknar med noko mindre avling enn bruk med store potetareal. Distriktstilhøva verkar mykje på desse tala, av di ein finn mest av store potetareal i strok med gode vilkår for potetdyrking. Dette verkar og på gjennomsnittsavling rekna ut etter bruksstorleik.

For dei einskilde bruk blei det gitt opp i prosent kor mykje av potetavlinga i 1968 som brukaren rekna med ville gå til eige bruk (utsæde, mat og fôr), til sal og til svinn på bruket. Prosenttala er for kvart bruk multipliserte med utrekna avling i tonn. Desse tala er totalberekna på same måten som brukstal og potetareal.

Den totale «vanlege» avlinga på bruk over 5 dekar er utrekna til 849 000 tonn. Av dette rekna brukarane med at 472 000 tonn gjekk til eige bruk, 326 000 tonn til sal, og 51 000 var gitt opp som svinn.

Etter Byråets siste hushaldsundersøking var forbruket av potet av eiga avling i jordbrukarhushald på bruk med potetdyrking vel 34 kg pr. veke, eller ca. 410 kg pr. år. Med 1,17 hushald pr. bruk (Jordbruksstatistikk 1967, tab. 3) blir dette i alt vel 60 000 tonn. Etter oppgåvene over utsæde blir det i alt knapt 90 000 tonn til dette, med uendra areal. Resten — ca. 320 000 tonn skulle då vere fôr. Dette dekkjer truleg også noko svinn, av di det berre var 70 prosent av bruka som hadde rekna med svinn.

For kvart bruk med sal blei det gitt opp kva omsetnadsmåte brukaren rekna med, i prosent av avling til sal. Likeeins blei det gitt opp korleis salsavlinga i prosent, fordelte seg etter leveringstid. Prosenttala er multipliserte

med salsavling i tonn for kvart bruk og totalberekna som nemnt framanfor. Etter dette blei det rekna med levering av vel 96 000 tonn til fabrikk/brenneri, 76 000 tonn til salslag, knapt 80 000 tonn til annan grossist og 73 000 tonn på annan måte, dvs. til detaljist og forbrukar. Det blei rekna med å levere 34 000 tonn i juni — august, 177 000 tonn i september — november, 72 000 tonn i desember — februar og 42 000 tonn i mars og seinare. Desse oppgåvene skulle vise dei normale, vanlege tilhøve, og korleis desse vekslar etter bruksstorleik og fylke. Av di oppgåvene er gitt etter skjøn, kan dei likevel i nokon mon vere påverka av kva tilhøve brukaren reknar som ønskjeleg.

3. Setjings- og opptakingsmåte

For kvart bruk var det gitt opp korleis potetsetjinga våren 1968 for det meste blei utført, og kva reiskap ein rekna med å nytte mest ved opptakinga hausten 1968. Ein rekna såleis berre med ein måte for heile arealet på kvart bruk. Brukstal og areal er totalrekna for bruksklassar og fylke som før nemnt.

Det var vel 80 000 dekar, eller 23 prosent av arealet som blei sett for hand, dels etter handreiskap, dels etter hest- eller traktorreiskap. Dette er langt mindre enn etter ei teljing i samband med bruken av maskinar i 1964 (Jordbruksstatistikk 1964, tabell 76), då 36 prosent av potetarealet blei sett med hand. Nedgangen i potetarealet har såleis særleg gått ut over slikt areal. Bruken av setjemaskin har auka frå 64 prosent til 77 prosent av samla potetareal, men i dekar har også dette arealet gått ned.

Brukarane rekna med å ta opp ca. 48 000 dekar med handreiskap eller hestehakke/plog. Også her var det sterk nedgang frå 1964, då nær 20 prosent av arealet blei tatt opp på desse måtane, mot 13 prosent i 1968. Bruken av potetopptakar har auka frå vel 80 prosent til knapt 87 prosent, men også her er det nokon nedgang i det absolutte arealet. I 1968 blei det rekna med å ta opp nær 50 000 dekar med automatiske opptakarar, av dette vel 10 000 dekar med heilautomatisk opptakar. Dette gjeld få bruk, og oppgåvene er difor usikre.

English summary

According to the 1968 sample survey of agriculture the total area under grain increased by 2 per cent compared to the previous year. The potato area decreased by 5 per cent, whereas the area of vegetables remained nearly unchanged. In 1968 the total crop yield amounted to 104 per cent of a mean annual yield (1967: 94 per cent). The production of vegetables was of the same size as in 1967, but the fruit production increased considerably.

The decline in the number of horses continued. There was also further decrease in the number of cows, whereas the number of other cattle and the number of pigs increased. The number of sheep and goats decreased.

A sample survey on potato growing in 1968 shows the structure of this production on holdings with more than 5 decares of agricultural area. The potato area, the number of holdings growing potatoes and the average area per holding have decreased since 1959. The area covered by 44 potato varieties was specified in 1968. The main variety — Kerrs Pink — covered 38 per cent of the total potato area. The «ordinary yield» is estimated at 2 370 kg per decare, which totals to 849 000 tons. 326 000 tons were destined for sale. Potato planters were in use on 77 per cent of the potato area (64 per cent in 1964), and digging machines on 87 per cent (80 per cent in 1964).

Tabellar

Tables

Tabellregister

	Side
1. Landarealet i dei einskilde fylke	28
2. Bruka etter storleiken på jordbruksarealet	29
3. Bruka etter jordbruksarealet	29
4. Hushald og personar etter storleiken på jordbruksarealet	30
5. Bruk som dyrkar ymse vokstrar	30
6. Jordbruksarealet etter bruken. 1 000 dekar	31
7. Arealet av dei ymse jordbruksvokstrar	31
8. Jordbruksarealet i dei einskilde fylke etter bruken. 1968	32
9. Åker- og hageareal etter fylke. 1968 i prosent av 1959 og 1967	34
10. Jorddyrking og grøfting med statsstønad. Dekar	35
11. Jorddyrking og grøfting med statstilskot etter fylke	35
12. Avlinga i jordbruket. 1 000 tonn	36
13. Avlinga av dei ymse jordbruksvokstrar. 1968	36
14. Avlinga i dei einskilde fylke rekna i føreiningar	37
15. Avling pr. dekar	37
16. Avlinga av dei ymse jordbruksvokstrar etter fylke. 1968	38
17. Avlinga av dei ymse hagebruksvokstrar. 1968	44
18. Avlinga i hagebruket. Tonn	45
19. Middelsårsavlinga pr. dyrkingseining i hagebruket. Kg	45
20. Avlinga av dei ymse hagebruksvokstrar etter fylke. 1968	46
21. Husdyrhaldet	48
22. Talet på dei ymse slag husdyr	48
23. Husdyrhaldet etter fylke. 1968 i prosent av 1959 og 1967	49
24. Talet på husdyr etter fylke. 20. juni 1968	50
25. Bruk utan og med husdyr	52
26. Dyretal pr. bruk med husdyr	53
27. Store svinehald og hønehald	54
28. Sommar- og vinterbuskap. 1 000 stk.	54
29. Vinterbuskap i prosent av sommarbuskap	55
30. Pelsdyr	55
31. Husdyrprodukt til sal, heimeforbruk og fôr (nettoproduksjon) etter totalrekneskapen for jordbruket. Tonn	55
32. Meieri og kondenseringsfabrikkar etter produksjonsgruppe.	56
33. Meieri etter innvegen mjølk frå eigne leverandørar	56
34. Innvegen mjølk og fløyte i meieri og kondenseringsfabrikkar	57
